

# KYRKJEBLAD



## for SØR-FRON

NR. 4

JULEN 2012

ÅRGANG 57



**Jesus Kristus Pantocrator**

*Ikon malt av Lalita Arkhimandritova*

## “Juleklokker over jorda”

Kristendomen er den einaste religion i verda der Gud blir født som menneske, lever på jorda og delar våre kår. “Født av ei kvinne, født under lova for å kjøpe oss fri”, som Paulus skildrar det. Er det ikkje dette som dreg menneske til feiring av julegudsteneste i hopetal? Jau, med eitt blir Gud opplevd så nær, ikkje berre for at han skal hjelpe oss, men for at vi kan glede oss over vår Skapar og Frelsar. Vi kjenner at vi treng det. For det er så mykje trist og vondt i verda: Krig, fattigdom, naturøydelegging og stor avstand mellom høg og låg i samfunnet.

Med Jesus som blir fødd på Betlehemsmarkene, blir livet atter naturleg og vennleg. Det er som Paradis blir opna på ny, “og yndig risler ved vår fot en bekk av livets klare flod”, for å låne diktarorda til Grundtvig. Slik har menneske opplevd høgtida opp gjennom generasjonar i uminnelege tider. Ikkje minst barna, for dei står livet nærmast og merker fort kva som er godt eller vondt. Difor er det ein god peikepinn på korleis by- og bygdefelleskapet vårt er, om barna er trygge og leikar med kvarandre på tvers av sosiale skilje.

I jula har vi noko som er så stort at vi alle kan glede oss over det. Gud viser vårt menneskeverd ved å gå inn i det skapte og bli ein del av det. Han gjev oss sin gudommelege kraft og nåde i Jesus. Til gjengjeld får vi bringe han det største kunstverk på jord som er skapt av kjøt og blod. Martin Luther seier det så fint: At i jula skal vi glede oss over livet som om det er vi som blir født av jomfru Maria. For her er Gud vår Fader i himmelen som ser til oss. Han har ikkje gløymt menneska sine. Sjølv om vårt liv er som ein liten krusning på eit hav av hundreår, er vi alle omgjevne av hans kjærleik på alle kantar som om vi var hans einaste barn.

Så er det også dette som har skapt størst reaksjon. Ein Gud som blir født av ei allminneleg kvinne og døyr på ein pinefull kross. Det er anstøyteleg for tanken, men godt for hjartekreftene. For det styrker vår tru på at den Skapar som held universet oppe også har oss i si hand. Og som det gjekk Jesus, kan det òg gå oss. Han kom jo ut til livet igjen i påskemorgen røde med kjærleiken som er sterkare enn døden. Men det heile starta i den heilage midnattstime når alt var som mørkast, og englane song for gjetarane i nattekulden og forkynte: “I dag er det født dykk ein Frelsar i Davids stad; han er Kristus Herren!”

Då kan vi alle gå i gang med juleførebuing i heim, skule og kyrkje og der vi måtte leve, bu og arbeide, for no nærmar den store høgtida seg, og vi helsar einkvar: “Gledeleg Jul og Velsigna Godt Nyttår!”

Magnar Elde

” Juleklokker over jorda, klokker vidt om verda kime  
ring no høgt frå tårn og tind, mildt til alle hjarto ned.  
ring no ut dei sæle orda: I vår Frelsars fødselstime,  
Fred frå Gud i alle sinn! Arme jord, ha julefred! ”

Anders Hovden



*Juleandakt 2012 fra biskop Solveig Fiske*

# Bak din tynne hud stråler mot oss Guds kjærlighet



Mange av kirkene våre har bilde av Maria og barnet. Bilder som enkelt formidler mysteriet at Gud ble menneske, født som et lite menneskebarn med tynn og myk hud. En av våre nye julesanger skrevet av Shirley Erena Murray, oversatt av Eyvind Skeie sier det slik:

*Solbarn, jordbarn, bak din tynne hud  
stråler mot oss kjærlighet fra Gud.  
Hør oss, se oss.  
Stjernebarn stig ned,  
så jordens barn i alle land finner julens fred.  
Bak din tynne hud stråler mot oss kjærlighet  
fra Gud.*

Et bilde utført av maleren Caravaggio, uttrykker dette på en betagende måte. Det henger i St. Augustin kirken i Roma. I høst har jeg vært så heldig at jeg har hatt anledning til å se dette maleriet. Det fremstiller en mann og ei kvinne som kneler

foran Maria og barnet. Maria har det nakne Jesusbarnet i hendene. De to som kneler har hender og føtter som er preget av livet. Ansiktene deres er vendt mot barnet. Jesusbarnet peker med føttene på dem begge, en fot mot mannen, den andre mot kvinnen. Barnet hviler den ene handa trygt på morens barm samtidig som det med andre handa lyser velsignelsen over de to som kneler. Lyser velsignelsen over dem, deres liv og med det tilværelsens sammensatthet. Øyne møter øyne. Ansiktene er vendt mot hverandre og det er en tilstedeværelse og en hellig stillhet. Det er levd liv i møte med det nye livet, stjernebarnet, solbarnet, Jesusbarnet.

I møte med dette maleriet og mange bilder av Maria og barnet, formidles juleevangeliet på en måte som gjør at vi kan sanse og fornemme dette som Murray sier i julesangen:

*... bak din tynne hud stråler mot oss kjærlighet fra Gud.*

Juleevangeliet formidler Guds kjærlighet til alle, og det utfordrer til nestekjærlighet, gjestfrihet og solidaritet. La hver og en av oss gå inn i advents- og julehøytiden med en utfordring til oss selv, om å se noen blant våre neste som trenger det, og bringe lys i mørke, håp i håpløsheten og kjærlighet i stedet for likegyldighet.

**Velsignet julehøytid!**

*Biskop Solveig Fiske*

## EN JULEHILSEN TIL DERE ALLE!

**Vi som er ansatt i Sør-Fron menighet ønsker hver enkelt av dere ei velsigna jul og et godt nytt år.**

Vi vil få takke alle frivillige for at de er så positive, og gjør en jobb for kirka vår enten det er som tekstleser, kirkevert, kaffekoker, i ulike utvalg eller på annen måte.

*Hilsen*

*Arild, Arnt, Hanne, Synnøve, Sergey, Magnar og Bjørg*



## Det finnes en dyrebar rose

Naturlig nok, blant julesalmene finner vi mange av kjernesalmene som hører med til det ypperste i salmeskatten vår. Juleevangeliet vil, slik det alltid har gjort, inspirere nye slekter til takk og tilbedelse. Altså satte jeg meg ned med Salmer -97 og stanset ved nr. 10 til Svein Ellingsens vakre dikt, tonesatt av Egil Hovland:

*Det finnes en dyrebar rose  
som aldri skal visne hen,  
den trosser all frost på jorden  
og blomstrer og blomstrer igjen.*

*Den blomstrer fremdeles i verden  
og dufter av sommer, til trøst  
for alle som bøyes av smerte  
i jordlivets nakne høst.*

*Den blomstret ved foten av Sinai  
for Moses, med flammende ild;  
den brennende busk var Guds løfte  
om frelse da alt stod på spill.*

*Å brennende rose som blomstrer  
i kulde og smerte og savn!  
Å, hellige tegn på jorden!  
Guds kjærlighet er dens navn.*

*Den blomstret i Betlehems vinter,  
den blomstret i Nasarets vår,  
den blomstret som flammer i torner  
i Golgatas blødende sår.*

***Så nært, så nakent, inn i vår tid.***

Så skulle loddet være kastet. Men inne i meg tonet sangen stadig mer insisterende: "Deilig er jorden, prektig er Guds himmel", Bernhard Severin Ingemanns mektige pilegrimshymne. Sangen som har fulgt meg gjennom alle juler. Det ble vanskelig å velge. Jeg må ha "Rosen" med og juleevangeliets evige glede.

**Jeg sender utfordringen videre til vår kirketjener Arild Larshaugen  
og ønsker alle Gledelig Jul!**

*Hilsen Kristin Elde*





# Advent

## Tekst Karl Olsen

Kilde: Ingrid Sahlin-Sveberg: "Jul gjennom alle tider"

Advent kommer av det latinske adventus Domini, som betyr "Herrens komme", og er de fire ukene som går forut for julen. På en av de syv dagene mellom 27.november og 3. desember faller første søndag i advent, og denne søndagen innleder Herrens år, kirkeåret. Adventstiden varer i vår kirke i fire uker.

Advent var tidligere en bots-og fastetid. Fra ca. år 480 bestemte kirken at at man skulle faste hver mandag, onsdag og fredag, for å oppfylle Paulus' ord og deretter få oppleve den sanne julegleder. Fastereglene gjelder fortsatt i den katolske kirke, men i Norge har de ikke spilt særlig stor rolle.

Adventstidens farge i liturgien er fiolett, en farge som også er kalt botsfargen.

Helt fram til andre verdenskrig var det bare i kirkene at advent ble markert, men i dag er det blitt mer og mer vanlig å markere adventstiden også i hjemmene, og da med adventskrans og adventslys.

Adventskransene kom, som mye annet, til Norge via Danmark, og allerede i middelalderen var grønne vekster som einer og gran viktige symboler. De var urgamle natursymboler, treet, løvet og de grønne greinene symboliserer fruktbarhet, ønsket om slektens fortsettelse var grunnleggende. Disse tankene var neppe levende lenger da man på 18- 1900-tallet begynte å forberede julen med grønne kranser av granbar pyntet med lys. Under okkupasjonen i 1940 ble det en lysskikk i

mørketiden, og på et dansk julemerke fra 1946 var det en grønn krans med røde bånd og røde lys, med det var adventskransen blitt en skikk for hele landet.



Mange har en adventsstake eller lager seg en adventskrans med fire lys. Da tenes et nytt lys hver av de fire søndagene fram til jul, og den siste søndagen i advent brenner alle de fire lysene. Lysene i kransen blir av kirken sammenlignet med Jesus, som er verdens lys

I stedet for adventskrans er det i dag også blitt vanlig å tenne fire lys i en avlang lysestake. Denne skikken kommer fra Sverige, hvor den var alminnelig i bruk fra rundt 1930. I Sverige er tradisjonen med adventskrans stort sett ukjent.

I de siste årene er det blitt en utbredt skikk å sette en syvarmet, elektrisk lysestake i vinduene fra 1. søndag i advent til trettende dag jul. De markerer i vår tid mest at vi ønsker lys i mørketiden, men formen på staken kan minne om den jødiske Chanuka-staken, som også plasseres i vinduet. Den har et lys for hver av de åtte dagene Chanuka varer. Jødenes Chanuka faller som regel sammen med adventstiden, men feires til minne om en frigjøringskamp i Judea i år 165 f.Kr

I mange hjem finnes en bestemt julelysestake som er gjemt bort resten av året. Kanskje er vår det første vi fikk tegne selv og lage i sløydtimene på skolen. Da ble nettopp den vår egen, spesielle adventsstake.

## Julehelsing frå soknerådet

Når eg sit og skriv ei julehelsing til kyrkjebladets lesarar, er det grønt på bakken ute. Julestemninga manglar, men likevel kjem snart ei fin tid med advent og førebuingar av ymse slag. Det er spenning og forventning; å lage jul i hus og heim etter gode tradisjonar er viktig for dei fleste, og blir noko godt i denne mørke tida. Likevel er det slik at ikkje alle lengtar til høgtida.

Sakn av nokon som er gått bort, eller andre årsaker, kan gjera at jula ikkje blir berre enkel å koma gjennom.

**Tankane går spesielt til dei når eg no på vegne av soknerådet  
ønskjer alle kyrkjebladets lesarar ei god jul og godt nyttår.**

Kristian Haave  
leiar



## Ei samtale med Margaret Mingay Eggen

**Tekst Gudveig Rønn**

Haustdagen er tung og grå då eg ringjer på døra i Eggen, men akkurat da Margaret, med eit smil, byr meg velkomen inn, bryt sola igjennom. Snart sit vi i sofakroken med ein kopp nykokt kaffe og heimelaga eplekake. Praten går lett, og Margaret utstrålar energi og kjærleik til samfunnet ho lever i.

Med spørsmål om korleis det eigentleg er å vera "essdøl", er vi i gang.

– Å flytte til ein ny stad byr alltid på spennande utfordringar. Frå storbyen Brighton kom eg fyrst til Ringeby, og så til Espedalen. Det var som å koma til ein annan planet. Eg var van med mykje folk, og her var det ikkje så mange. Men frå mi oppvekst på landsbygda i England var eg opplært til at alle måtte yte sitt der dei var. Foreldra mine var idealistar. Far var friviljug organist, og mor dreiv ein ungdomsklubb. Båe to hadde sete i menighetsrådet. Vi budde rett over for kyrkja, og ho var ein naturleg del av livet vårt. Da eg kom til Espedalen, var det naturleg for meg "å by på meg sjølv", bidra med det eg kunne. Eg starta fiolinopplæring for barn, fekk i stand underhaldning på sanitetsforeininga sin juletefest, og det fall seg naturleg at eg spela attåt songane òg.

Når ein bur eit godt stykke utanfor tettbygde strøk, er kvardagen veldig travel. Alt ein skal vera med på, gjera eller ordne, inneber at ein må køyre



langt, og dette tek tid. Dermed vart dagane svært hektiske for meg når eg flytta hit. Sidan eg har jobba som organist i fleire kommunar, vore tilsett i musikkskulen og i tillegg hatt fiolingroupar, seier det seg sjølv at mi kontakt med sambygdingane var knytt til musikken, og i mindre grad til det sosiale.

– Heile livet har du vore knytt til kyrkja, og du seier at det har betydd mykje for deg. Kan du seia noko om kva kyrkja her betyr for Espedalen og essdølane?

– Fjellkyrkja ligg vakkert til på Verksodden. Både utforminga og atmosfæra her innbyr til ro og andakt. Korleis kyrkja kom i stand er i seg sjølv inspirerende. Det var eit samarbeidsprosjekt mellom fastbuande, hyttefolk, skogeigarar og kommunar, alt sett i gang av espedølane sitt ønskje om å få ei kyrkje, som og kunne fungere som eit forsamlingshus. Fleire av "dei innfødde" var med på å reise kyrkjebygget som stod ferdig i 1974. Seinare vart det nødvendig å fastleggja reglane for rett til gravplass, dåp og vigsel for alle innbyggjarane i Espedalen, ikkje berre for dei som tilhørde Sør-Fron. Desse rettighetane gjeld også i dag, og stadig opplever vi at både barn og barnebarn av fastbuande kjem attende hit for å få "utført" kyrkjelege handlingar.

Ved sida av å vera ein ynda stoppestad for turistbussar, har kyrkja vore og blir framleis brukt av ymse lag og foreiningar som t.d. misjonsforeiningar, hørselslag, historielag og utanlandske kyrkjegrupper. Sidan 1976, da kyrkja fekk orgel, har ho og vore brukt som konsertlokale. I 20 år arrangerte Espedal Konsertforeining påskekonserter - igjen eit resultat av samarbeid mellom fastbuande og hyttefolk. Innbyggjarane stiller velviljug opp til dugnad i /rundt kyrkja, og det er ingen tvil om at fjellkyrkja betyr mykje både for Espedalen og dei som bur her.

– Kva er ditt forhold til og din funksjon i kyrkja i dag?

– For meg er dei eksistensielle spørsmåla svært viktige. Eg blir aldri ferdig med å fundere over orda si meining etter kvart som livet bringer ein nytt lys og nye erfaringar – ofte smertelege.

Før eg kom til Espedalen, var eg i alle år involvert i kyrkja gjennom kyrkjemusikken og kyrkja sine egne diskusjonsgrupper. Fråver av dette har vore eit sagn hos meg, og i dag går eg ein gong i veka til morgonbøn med påfølgjande diskusjons-



gruppe i Nordre-Ål kyrkje. Men i Espedalen vart det behov for eit meir praktisk engasjement. Da det vart oppretta menighetsutval i 1993, vart eg vald inn, fyrst som varamedlem, og frå 1998 som leiar. Mi oppgåve vart ofte kobla til musikken. Etter at konsertforeininga vart nedlagt i 1996, vart nokre konsertar ordna av organistane, medan andre vart overlatt til oss.

Vi hadde lagt merke til at somme gudstenester hadde lita oppslutning. Som fjellkyrkje i eit prestegjeld der det er berre ei hovudkyrkje og ein prest, hende det at tidspunktet for messa høvde dårleg i høve til ei oppslutning som var avhengig av tilreisande. På jule- og nyttårskveld var det mange som ønskte å besøkje kyrkja, men Sør-Fron hadde ikkje kapasitet til å bemanne dei dagane. I fem år klarte vi å gjennomføre "Vi syng jula inn" og midnattsgudsteneste nyttårskvelden med friviljug innsats av både kyrkjetenar, organist og prest (forskjellige). Etter kvart vart det vanskelegare å bemanne påskekonserten, og samstundes vart gudstenesta både palmesøndag og 2. påskedag lite besøkt. Påsketuristane var ikkje komne til palmesøndag, og dei reiste gjerne att før 2. dag. Prest, organist, kyrkjetenar og leiar for menighetsutvalget bestemte seg såleis for å arrangere ei "påskevandring i ord og tonar"- fyrst og fremst ei djupare oppleving av påska sine hendingar uttrykt gjennom musikk og lesing frå Bibelen, men og feiring av nattverden. God planleggjing og eit program av høg kvalitet gjorde desse vandringane, som var forskjellige frå år til år, til gripande opplevingar. Oppslutninga var gledeleg stor. Sommarkonsertane, derimot, trekte ikkje så mykje publikum, og så-

leis kom konseptet "Olsokfeiring" i stand. Her vart hotella i Espedalen gode samarbeidspartar. Etter forestillinga varta dei opp med kaffe og kaker ved Verksruinen, og i vasskanten spraka det godt frå olsokbålet. Dei som møtte fram til olsokfeiringa, vart leidde inn i funderingar over Olav den heilage, middelaldersk tru og moderne dikt samanblanda med musikk. Sjølve lesinga foregjekk både på norsk og engelsk. Seks gonger gjennomførte vi dette. Med Knut Kvidaland, daverande prest, si gode rettleiing, vart også hausttakkefesten gjort levande. Ei barneretta andakt på juletefesten blei innført. Av andre tiltak kan nemnast installering av teleslynge, etterintonering av orgelet og ope kyrkje så lenge vi hadde folk som kunne stille opp. Vi har og gjennomført tre jubileum. Stor og målretta vilje til samarbeid frå alle i menighetsutvalget har gjort det mogleg å samle inn pengar til ymse aktivitetar som trekkjer folk til kyrkja. For meg har dette arbeidet vore eit privilegium – av og til frustrerande, men mest gjevande.

– Kva er ditt framtidsønskje for Espedalen?

– Vi står ved eit vegskille. Mange av dei gamle innbyggjarane er ikkje lenger her. Nokre få av den yngre generasjonen er komne attende. Kyrkja gir oss tilhørigheit.

Eg håper at espedølane fortsatt får bruke kyrkja på ein måte som er relevant for dei, og som også kan forankre dei i eiga historie.

Eg takkar for stunda, vel vitande om at Margaret med si positive og engasjerte haldning har betydd og kjem til å bety mykje for det vesle lokalsamfunnet.

## Julehelsing frå Sørheims Venner

Vi i Sørheims Venner kan også i år sjå attende på eit godt år. Vi har hatt mange aktivitetar både i trygde/omsorgsbustadane og inne på Sørheim.

Nokre av aktivitetane vi vil nemne er:

**Hyggekveldar med servering og underhaldning, handleurar, fjelltur til Fagerhøi og Lauvåsen, sal av planter m/kaffe og vaffelkos, og ikkje minst St. Hansfeiringa.**

Ein stor takk til frivillige som villig stiller opp og hjelper til.

Takk til tilsette på Sørheim for godt samarbeid og ikkje minst takk og helsing til bebuarane som er like blide og fornøgde støtt vi kjem.

**God jul og godt nyttår!**

**Takk for pengegaver ved gravferder i 2012 frå:**

Asmund Haverstadlækken. Norma J. Rolstad. Synnøve Hernæs. Ragnhild Nyhus. Rolv Ivarson. Margrethe Scheie. Håkon Haverstadlækken. Ingrid Bakstad.

Styret



# Dåpsklede frå Sør-Fron

## *Presentasjonen av dåpsklede held fram*

**Tekst Gudveig Rønn**

I presentasjonen av dåpsklede er vi nå komne fram til siste innslaget.

Denne dåpskjolen, tilhøyrande Aud Byrløken oppi Tofte-grenda, er eit hundreårig arvestykke etter bestefaren Petter Malerbakken. Kjolen vart kjøpt til eldste sonen Inge Tofthaugen i 1911. Sidan er han vorten flittig brukt av mange i slekta, ja faktisk 21 stykke. Den siste som er døypt i kjolen, er Dennis Lunna Byrløken, tippoldebarn av Petter Malerbakken.

Trass i at kjolen er både gammal og mykje brukt, er han svært pen og velhalden. Han er sydd i kvitt, tynt bomullsstoff med blonder på krage, ermer og rundt kanten nede. Til kjolen høyrer eit breitt knytebelte i same stoff, men inga lue. Det måtte den som lånte kjolen ordne med sjølv. Eit underskjørt, sydd i eit simplare stoff, høyrer og med.



## *Julehelsing frå Harpefoss Sanitetsforening*

Styret i Harpefoss Sanitetsforening vil med dette rette ein stor takk til alle som på ein eller annan måte har støtta oss i året som har gått. Pengane som har kome inn, anten ved loddkjøp eller som gåve, blir brukt til beste for unge og eldre i kretsen.

**Vi vil ønskje alle ei fredeleg julehelg og alt godt i det nye året.**

Styret



## *Julehelsing frå Sør-Fron Sanitetsforening*

Nå er 2012 snart over, og styret i Sør-Fron Sanitetsforening sender en stor takk til alle som har støtta oss men å kjøpe lodd og fastelavnsris, og hjulpet oss slik at basaren vår har gitt oss et fint overskudd.

Takk også til arbeidsgruppene, matkjørerne og alle andre frivillige.

Pengene vi får inn går til barn, unge og eldre i bygda, og vi støtter merkesakene for N.K.S.

**Vi ønsker alle ei riktig god jul og et godt nytt år.**

Styret







# Julehelsing

## frå ordførar Ole Tvette Muriteigen



Som i fjor er eg takksam for å få lov til å skrive ei julehelsing i det flotte kyrkjebladet vårt. Tida går så fort - snart er det nok ein gong advent og tid for julefeiring.

I skrivande stund har eg vore ordførar i eitt år, og er meir glad og stolt av Sør-Fronsbygda enn nokon gong.

Sør-Fron er ein liten kommune, men ein kommune med stor vilje og evne.

Den kommunale tenesteproduksjonen er stor og omfattande, og nivået er høgt. Årsaka til dette ligg m.a. i stor innsats frå så mange flinke arbeidstakarar. Innsatsen har svært mykje å seie for kvaliteten på tenestene, og eg vil rette ein varm takk til alle på alle nivå for dette.

Den enklaste måten for ein kommune å gå med overskott på er å ikkje gjere noko. Likevel er det ikkje til å legge skjul på at Sør-Fron, i lag med mange andre distriktskommunar, står overfor store og krevjande budsjettutfordringar framover.

Tidlegare biskop Gunnar Stålsett snakka ein gong om å ha det godt som menneske. Det er mitt mål at alle skal ha det godt som menneske

i Sør-Fron. Når det ikkje er slik, og vi opplever at folk vel å flytte, må vi alle stille oss spørsmålet: Kvifor oppstår slike situasjonar? Eg vil ha fokus på dette i mitt arbeid framover, og vårt felles mål må vere at Sør-Fron står fram som ei bygd folk vil flytte til, og ikkje frå.

2012 har vore eit innhaldsrikt år, med m.a. stort fokus på dei unike arkeologiske funna etter ny E6-trase. Funna har stor interesse frå svært mange hald, og det blir spanande å sjå om funna og den nye kunnskapen kan brukast til t.d. tiltak som gir næringsmessig effekt framover. Mitt håp er at også 2013 blir eit aktivt og innhaldsrikt år, og at arbeidet med ny E6 gjennom Gudbrandsdalen blir starta opp relativt raskt på nyåret - etter over 40 år med planlegging.

Til slutt vil eg rette ein takk til alle som stiller opp med dugnadsinnsats på dyrbar fritid gjennom viktig arbeid i lag og foreiningar. Dette er definitivt med på å "halde hjula i gang" innan ei rekke viktige område i bygda vår.

**Riktig god jul og godt nyttår til alle!**

Med vennleg helsing  
Ole Tvette Muriteigen  
Ordførar

## Romjulskonsert Sør-Fron kirke



**Søndag 30. desember kl 20.00 -**

Fullsett kyrkje er ein hyggeleg musikalsk tradisjon 6. dag jul i Sør-Fron. I år er er tre dyktige sangjenter våre musikalske heidersgjester. Øyerjenta **Ingeborg Schubeler Gillebo** kjem direkte frå Metropolitan Opera i New-York. Frå Vinstra har vi med oss 12 år gamle **Ihne Røssummoen Haugen**, som syng så det kan røre ved ein gråstein! **Tina Lie** er busett i Ringeby, og reiser innland og utland som kritikarrost sanger. **Jo-Asgeir Lie**, **Tom W. Rustad Erlend Styve** og **Øystein Rudi** utgjør KVARTS, og vil saman med fleire gode musikkvenner sy saman årets musikalske romjulkalas!

**Billettpriser: Kr 330,-/ 100,- u.15 år.**

Arrangør Rudi Gard



# Ikonet – og ikonmaleren

**Tekst Karl Olsen**

**Bilder Lalita Arkhimandritova**

Eksterne kilder: Solrunn Nes, Wikipedia

I den russisk-ortodokse religionen har ikonene en helt spesiell plass. Ikonene finnes ikke bare i kirke-ene. Det er helt vanlig at man har ikoner i private hjem, og man tar det til og med på reiser. For oss som tilhører den vestlige kirketradisjonen er dette et helt ukjent fenomen. Mens vi lar familie-bibelen gå i arv, er det ikoner som går gjennom generasjoner i Russland, og for russerne er religiøs billedkunst like viktig som skreven teologi. Derfor har den russiske kirkekunsten utviklet en helt egen stil i form av ikonkunst.

Vi sitter hjemme hos Lalita Arkhimandritova og Sergey Shulga i deres leilighet på Lykkjehordet på Sør-Fron. Lalita forteller at hun ble født i ei lita bygd nær Svartehavet, i Kaukasus. I desember 2011, etter at hun ble forlovet med Sergey Shulga som er organist i Sør-Fron kirke, flyttet Lalita til


Norge. De giftet seg i den ortodokse kirke i Oslo i juli. Begge to sier de trives godt i Norge og ønsker å bli boende her i mange år. Når Sergey trakterer sitt orgel, maler Lalita ikoner.

Da hun var 8 år flytta Lalita til St. Petersburg, og bodde to år hos sin farmor og farfar. Farmor var operasangerinne og farfar komponist. Lalita vokste opp i et kunstnermiljø, noe som har vært med å prege henne gjennom oppveksten. Da hun var 9 år gammel, kopierte hun et bilde av Henri Matisse. Farfar fikk se bildet og syntes det var veldig godt, og sa at det var malerkunsten som burde bli hennes framtidige yrke. Lalita forteller: "Min mor har fortalt at allerede som ganske liten var jeg interessert i å male bilder. Da pleide jeg å male på sengetøyet. I Russland er det vanlig at barna kan begynne tidlig med det som skal bli deres framtidige yrke, og i flere år, fram til 2011, fikk jeg undervisning i kunstoff og ikonmaling."

Lalita ble kunstner, og det er paletten og malerpenselen som er hennes redskap. Hun maler både akvareller og oljebilder, er veldig glad i foto, og lager grafiske bilder. Likevel er det nok å male ikoner som står hennes hjerte nærmest



*Ikonmaleren i arbeid*



*Evangelisten Johannes*



Ikon Hellig Olav

"Alle de som i dag har ikonmaling som yrke har utdanning. Noen går i lære hos en kjent ikonmaler, de har ofte en kunstutdanning fra før, andre tar utdanning spesielt i det å male ikoner. Ikonet er svært regelbundet, både i form og innhold. Det har et standardisert formspråk som bygger på autoriserte modeller. Ikonet har en forkynnende funksjon, og er en av flere måter kirken kommuniserer evangeliet på. Det framstiller visuelt det kirken lærer verbalt. Blant ortodokse kristne har ikonet også en naturlig funksjon som privat andaktsbilde. I russiske hjem er det vanlig å plassere husets ikon i det såkalte "vakre hjørnet" i oppholdsrommet

"Jeg håper jeg kan jobbe som kunstner i Norge, og vil gjøre alt jeg kan for å skaffe meg aktivitet på dette området. Den ortodokse kirken i Oslo har vist interesse for ikonene mine, og jeg er også invitert til å delta på en utstilling av ikoner senere i år. I vinter takket jeg ja til å være instruktør på et kurs i ikonmaling på Dovre. Jeg synes kurset var vellykket. Alle fikk prøve seg på den spesielle teknikken, og resultatet overgikk alle mine forventninger. Det ble veldig gode resultater; det finnes mange talenter her i landet!"

Lalita tror det er en stigende interesse for ikonmaling med den gamle maleteknikken. Det brukes rene hjelpemidler som eggtempera og naturlige fargepigmenter. "Det er noe ekte i ikonet som rører både sjelen og hjertet på den som ser det."



## Helene Bøksles juleturne

**Torsdag 20. desember kl 18.30 besøker Helene Bøksle Sør-Fron kyrkje på sin juleturne.**



Helene Bøksle er en erfaren og dyktig live artist, som har trollbundet det norske folk med sin helt spesielle og praktfulle stemme. Sitt gjennombrudd fikk hun i 2009 med juleplata *Det hev ei rose sprunge*. Hun har ved flere anledninger sunget sammen med artister som Inge Eidsvåg, Kurt Nilsen og Vamp.

Med seg har hun Sindre Hotvedt, piano, Markus Lillehaug, gitar, og sist men ikke minst Marie Klåpbakken fra Vinstra. Hun er Helene Bøksles faste felespiller, men også kjent fra TV2s "Norske talenter" og "Hver gang vi møtes". I sommer inviterte Marie til CD-slipp i egen hage hjemme på Vinstra.

**Billettpris: Kr. 340,-**

# Jul i Sør-Fron



## *Julekvelden*

Sørheim omsorgssenter – Juleandakt kl. 12.00

## *Sør-Fron kyrkje*

Kl. 16.00

Julekveldsgudstjeneste  
Julepregang – juleevangeliet - julesalmer

## *Juledagen*

Høytidsgudstjeneste kl. 11.00  
Hundorp musikklag – Kirkens faste stab

*Velkommen til en stemningsfulle og  
høytidsstemte julegudstjenester!*

## *Romjulssøndag i Espedalen fjellkirke*

30. desember

Romjulsgudstjeneste kl. 15.00  
Sør-Fron sangkor deltar

## *Nyttårskvelden i Sør-Fron kirke*

Midnattsgudstjeneste kl. 23.15



# Ludvig Mathias Lindeman

**Tekst Karl Olsen**

Kilde: Norsk biografisk leksikon

Organisten, kantoren og komponisten Ludvig Mathias Lindeman var født 28. november 1828 i Trondheim, Sør-Trøndelag.

Han var den betydeligste representant for en musikerslekt som satte spor i norsk musikkliv i 200 år. Han var en fremragende orgelspiller og improvisatør, han skrev melodier og større kirkemusikalske verker. Han utgav korallbok, han samlet folke-melodier og tekster, og i 1883 opprettet han og sønnen Organistskolen i Christiania.

Sin musikalske skoloring fikk han innen familien. Han viste tidlig en spesiell begavelse, og faren refererte til han dersom spørsmål skulle besvares eller særlige oppgaver utføres.

Den nest eldste broren, Jakob Andreas Lindeman (1805-46), som også var teolog, var ansatt som organist i Vår Frelsers kirke, og Ludvig vikarierte i stillingen i perioder. Han spilte også cello i Christiania Theaters orkester. Ludvig etterfulgte sin bror som organist og kantor i Vår Frelsers kirke. Han ble i stillingen til sin død i 1887.

I 1841 utgav Lindeman klaverarrangementet *Norske Fjellmelodier*. Året før hadde han på anmodning av Jørgen Moe ordnet melodibilaget til *Samling av Sange, Folkeviser og Stev*.

I 1848 fikk Lindeman et stipend, og han gjennomførte samme år en innsamlingsreise i Valdres. Det resulterte i opptegnelser av 86 gamle salme-melodier og 83 verdslige melodier. Senere gjorde

han innsamlingsreiser til Telemark, Hardanger, Bergen og Hallingdal, og til slutt til Gudbrandsdalen I alt samlet han omkring 3000 melodier og tekster, og dette er betydelig, også i europeisk sammenheng.

Lindeman skrev melodier til flere tusen tekster. Et viktig bidrag er hans mange salmemelodier. I 1871 utkom hans *Melodier til Landstads Salmebog*, som ble autorisert til bruk i Den norske kirke. Den var i bruk helt til 1920-årene.

Han var også en betydelig organist. Da det nye, store orgelet i Royal Albert Hall i London skulle innvies i 1871, var Lindeman, sammen med andre kjente organister som Anton Bruckner og Camille Saint-Säens, innbudt til å spille. Han holdt også egne improvisasjonskonserter i London, og tilstrømningen til konsertene hans var stor.

Vår Frelsers kirke i Christiania ble i Lindemans tid kjent for de musikalske kvalitetene i gudstjenespillet. Især ble han påaktet for salmesangen og for samsvaret mellom rytme, melodiføring og tempo. Kirken ble besøkt av kirkemusikere fra inn- og utland som ville lære ved å lytte til ham.

Lindeman skrev også musikken til kong Oscar II og dronning Sofies kroning i Trondheim i 1873.

Sammen med sønnen Peder opprettet han i 1883 Organistskolen i Christiania, i 1884 ble navnet forandret til Musikkonservatoriet. Det ble nedlagt da Norges musikkhøyskole overtok ansvaret for den høyere musikkutdannelsen.

Ludvig Mathias Lindeman ble utnevnt til ridder av St. Olavs orden i 1870.

## *Velkommen til bygdas egen julekonsert*

**Tredje søndag i advent – søndag 16. desember kl 19.00  
inviteres du også i år til bygdas egen julekonsert!**

Gamle kjente som Sør-Fron sangkor, Harpefoss Skolemusikk, Sør-Fron barnekor, men også musikkutøvere vi ikke ofte opplever i denne sammenhengen, vil være med og skape en fin førjulskveld.

Konserten er gratis – men en liten gave ved utgangen blir godt mottatt.

**Velkommen!**

Arrangør: Soknerådet

# Søndagsskolen lever i beste velgående rundt omkring i landet

Søndagsskole er ikke bare søndag formiddag. Noen har valgt en annen ukedag, som synes å passe bedre. Søndagsskole kan også være utesøndagsskole, sangsøndagsskole eller familiesøndagsskole. Noen kaller det klubb eller rett og slett hverdagsskole.

Sprell Levende er søndagsskolens unike verktøy med tanke på å gi Jesus til barna gjennom bibelfortellinger, sanger, animasjonsfilmer, dokkespill, hørespill m.m.

Spell Levende var nytt i 2006, men kom i fornyet utgave denne høsten. Her er opplegg for alle sanser. BARNAS søndagsblad kommer med 14 nummer i året pluss en CD og en bok eller DVD. Bladet er en del av opplegget. Her er ideer og aktiviteter til samlingen. Dette gjør det lettere å være leder.

Trosopplæring i menigheten henger sammen med trosopplæring i hjemmet. Da er bladet et unikt redskap. Bladet kan bestilles uavhengig om det er en søndagsskolegruppe på stedet. Kanskje til menighetens 6 åringer eller 8 åringer? Les mer om søndagsskolen på [www.sondagsskole.no](http://www.sondagsskole.no)

*Randi Korsveien søndagsskolekonsulent Vest-Oppland og Gudbrandsdal*



## Bibelutdeling til 5. klassingene

Søndag 14. oktober var det bibelutdeling til 5. klassingene i Sør-Fron.

Soknepresten var ute og besøkte de forskjellige skolene uka før bibelutdelingen.

Det ble et godt oppmøte av 5.klassinger fra de forskjellige oppvekstsentra som møtte opp til gudstjeneste og ville ta imot Bibelen.

Etter at de hadde fått utdelt Bibelen framførte 5.klassingene en sang de hadde øvd på.

Da gudstjenesten var slutt var det kaffe og kake servering inne i kirka.

*Menighetspedagog Hanne E Knutsen*



## ADVENTSSAMLINGER

4-åringene blir invitert til tre adventssamlinger + gudstjeneste der de får utdelt 4-årsboka.

I løpet av disse samlingene skal vi lage figurer til ei enkel julekrybbe, høre juleevangeliet og syngne noen enkle sanger.

Datoene for samlingene er torsdag 29. november, torsdag 6. desember og siste samlinga er torsdag 13. desember Gudstjeneste søndag 2. desember med utdeling av 4-årsboka.

**Vel møtt til hyggelig samvær.**

*Menighetspedagog Hanne E Knutsen*



## Slekters gang

### DØPTE:

30.09.12	Sofie Skurdal	f. 08.08.12
	Robin Haug Watterud	f. 19.06.12
14.10.12	Victoria Haug	f. 22.06.12
28.10.12	Emil Nicolai Skar	f. 07.07.12
11.11.12	Isak Berg	f. 27.07.12

### GRAVFERD:

18.09.12	Martha Sundgården	f. 1921
21.09.12	Margrethe Scheie	f. 1934
28.09.12	Håkon Haverstadløyen	f. 1922
02.10.12	Nils Klophus	f. 1915
05.10.12	Toril Elisabet Haverstad	f. 1942
09.10.12	Ingrid Helene Bakstad	f. 1920
13.11.12	Harald Baukhol	f. 1918

## DET SKJER!

### HØGSTDAGSBØNN I SØR-FRON KAPELL

Onsdag	5. desember	kl. 12.00
Onsdag	23. januar	kl. 12.00
Onsdag	20. februar	kl. 12.00
Onsdag	17. april	kl. 12.00
Onsdag	29. mai	kl. 12.00

### ANDAKTER PÅ SØRHEIM

Torsdag	29. november	kl. 12.00
Julaften	24. desember	kl. 12.00
Nyttårsdag	1. januar	kl. 11.00

## Den årlege og tradisjonelle JULETREFESTEN

i Sør-Fron prestegard  
blir fredag 4. januar 2013 kl. 18.00.

Ta gjerne med noko til bordet.

*Alle hjarteleg velkomne !*

## Eldrefest på Midtbygda skule

11. januar 2013 kl. 11.00

Besteforeldre til elevar ved skulen, og eldre  
i kretsen er velkomne til

**UNDERHALDNING OG SERVERING**

## TIL TJENESTE

### Kirkekontoret:

Kirkekontoret i Sør-Fron  
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron.  
Telefon: 61 29 92 30. Fax: 61 29 92 31.  
E-post: kirkekontoret@sor-fron.kommune.no

### Kontortider:

Tirsdag, onsdag torsdag og fredag kl. 10.00–14.00.

### Sogneprest:

Magnar Elde.  
Bergevegen 23, 2647 Sør-Fron. Tlf. arbeid: 61 29 92 32.  
Privat: 61 29 64 66. Mobil: 48 00 61 02  
E-post: magnar.elde@sor-fron.kommune.no

### Organist:

Sergey Shulga, Oddvar Nygaardsvog 14, 2647 Sør-Fron  
Tlf. arbeid : 61 29 92 33. Mobil: 97 53 71 95  
E-post: sergey.shulga@sor-fron.kommune.no

### Kirkeverge:

Björg Sørjordet, Torehaugveien 10, 2640 Vinstra  
Tlf. arbeid: 61 29 92 30. Mobil: 95 84 27 85  
E-post: bjorg.sorjordet@sor-fron.kommune.no

### Kirketjener:

Arild Larshaugen, Nordre Liaveg 320, 2647 Sør-Fron  
Tlf: Sør-Fron kirke 61 29 71 31. Mobil: 91 79 92 20.  
Espedalen Fjellkirke: Arnt Ove Voldbakken  
2658 Espedalen. Mobil: 97 95 05 42.  
E-post: arnt@dalseter.no

### Klokker:

Synøve Barlund Fladby, Sigurdvegen 36, 2647 Sør-Fron  
Tlf. arbeid: 61 29 92 35. Mobil: 97 72 44 49  
E-post: synove.barlund.fladby@sor-fron.kommune.no

### Menighetspedagog:

Hanne Elisabeth Knutsen, Stuguvollv. 23, 2647 Sør-Fron  
Tlf. arbeid 61 29 92 34. Mobil: 95 21 93 76  
E-post: hanne.knutsen@sor-fron.kommune.no

### Sør-Fron sokneråd:

Leder: Kristian Haave, Kongsv. 532, 2647 Sør-Fron  
Tlf. 90 64 79 15 - E-post: kri-haa@online.no  
Nestleder: Synnøve Bø Hansen, Flatmosvingen 5,  
2647 Sør-Fron  
Tlf. 95 70 38 55 - E-post: synnove.b.hansen@online.no  
Helen Svelle, Edda Borgen, Karl Olsen, Tine Elisabeth Slang,  
Ivar Hovden og Berit Brenden Bredeli

Vararepr.: Aud Elinor Moheim, John Arne Fossehagen,  
Inger Elisabeth Pedersen, Jens Ove Isumhaugen  
og Nils Martin Voldberg

### SØR-FRON KYRKJEBLAD

Sør-Fron Kyrkjeblad kommer ut med 4 nummer pr. år.  
Det deles ut til alle husstandene i kommunen.  
Minste kontingent er kr. 100,-.  
I redaksjonen: Karl Olsen, Gudveig Rønning og Sognepresten.  
Bankgirokonto: 2095.21.81263

### Grafisk produksjon og ekspedisjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri as, 2635 Tretten.  
Tlf. 61 27 73 50 - Fax: 61 27 73 51  
**www.dg-trykk.no**

Besøk vår hjemmeside:  
**www.kirken.sor-fron.no**

Stoff til kyrkjebladet sendes redaksjonen  
eller ring telefon 61 29 92 30.  
Stoff kan også sendes på mail:  
prestkontoret@sor-fron.kommune.no

# Velkommen til kirke

## **18. november – 25. s. i. treenighetstiden**

Lit.farge: Grønn

Espedalen Fjellkirke kl. 11.00: Gudstjeneste

## **25. november – Domssøndag/Kristi kongedag**

Lit.farge: Grønn

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste. Nattverd

## **2. desember – 1. s. i. adventstiden**

Lit.farge: Lilla

Sør-Fron kirke kl.11.00: Familiegudstjeneste. Utdeling av bøker til 4-åringene. Dåp

## **9. desember – 2. s. i adventstiden**

Lit.farge: Lilla

Sør-Fron kirke kl.18.00: Lysmesse. Konfirmantene deltar.

## **16. desember – 3. s. i. adventstiden**

Lit.farge: Lilla

Sør-Fron kirke kl.19.00: Bygdas egen julekonsert

## **Julekvelden**

Lit.farge: Hvit

Sørheim omsorgssenter kl. 12.00: Juleandakt.

Sør-Fron kirke kl. 16.00: Julekveldsgudstjeneste

## **Juledagen (tirsdag 25. des)**

Lit.farge: Hvit

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Høytidsgudstjeneste

## **30. desember – Romjulsøndag**

Lit.farge: Hvit

Espedalen Fjellkirke kl. 15.00: Romjulgudstjeneste

## **Nyttårskvelden (mandag 31.des.)**

Lit.farge: Hvit

Sør-Fron kirke kl. 23.15: Midnattsgudstjeneste

## **Nyttårsdagen/Jesu navnedag (tirsdag 1. januar)**

Lit.farge: Hvit

Sørheim omsorgssenter kl. 11.00: Gudstjeneste

## **6. januar – Kristi åpenbaringsdag**

Lit.farge: Hvit

Øvertun grendahuskl. 11.00: Grendahusgudstjeneste

## **13. januar – 2.s. i åpenbaringstiden**

Lit.farge: Grønn

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste

## **20. januar – 3. s. i. åpenbaringstiden**

Lit.farge: Grønn

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste

## **27. januar – Såmannssøndag**

Lit.farge: Grønn

Harpefoss grendahus kl. 11.00: Grendahusgudstjeneste

## **3. februar – Kristi forklarelsedag**

Lit.farge: Grønn

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste

## **10. februar – Fastelavnssøndag**

Lit.farge: Grønn

Ingen gudstjeneste i Sør-Fron. Konfirmantleir på Lillehammer

## **17. februar – 1. s. i fastetiden**

Lit.farge: Lilla

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Familiegudstjeneste

## **24. februar – 2. s. i fastetiden**

Lit.farge: Lilla

Espedalen Fjellkirke kl. 11.00: Gudstjeneste

## **3. mars – 3. s. i fastetiden**

Lit.farge: Lilla

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste

## **10. mars – 4. søndag i fastetiden**

Lit.farge: Lilla

Tofte skole kl. 11.00: Grendahusgudstjeneste

## **17. mars – Maria Budskapsdag**

Lit.farge: Hvit

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste

## **Palmesøndag – 24. mars**

Lit.farge: Lilla

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Palmesøndagsgudstjeneste

*Ved forandring, se annonse i GD.*

## **KIRKESKYSS**

Hvis du ønsker skyss til gudstjeneste eller høgstdagsbønn, kan du ringe til:

**Gunnar Molvik 61 29 81 56 - 48 21 71 27**

Du kan også ringe kirkekontoret i åpningstida på telefon 61 29 92 30, eller Eldrid Listad på tlf. 95 96 14 43.

Kirkeskyssen koster kr. 30,- tur / retur.

*Diakoniutvalget*

## **PYNTING OG STELL AV GRAVSTEDER**

**ARNE SLÅEN fra Harpefoss**

tar på seg planting og stell av graver på Sør-Fron kirkegård.

Han har adresse: Skrangelliveien, 2647 Sør-Fron. Tlf. 61 29 81 70 / 99 29 81 70